Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav.

Oppskr. av: N. Vinum

(adresse): Ålvundeid.

Fylke: Möre og R.

Herad: Ålvundeid

Bygdelag: Vinundal

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. „Bjerg"
2. „Markafor" vart her berre nytta som namn på höy som var slege i liene eller oppe på fjellet. Tunne kvistar av björk eller rogn vart kalla „brot" eller „bråtl" Kvistar av rogn skulle helst bryfast av. Björkekvist som er seigare å bryta kunne hoggast med lauvjarn.

Bråtl, skav og tang vart kalla bjerg.

3. Å bryta - bryt - braut - har brote (med open O).

4. For 40-50 år siden vart skav mykje bruka til kröterfor i Ålvundeid. Kanske mest i Virumdalen fordi der vaks mest rogn. Dette foret vart alltid kalla, skav. På sume gardar vart det nok helst bruka berre i forknipa. Men på garden Dalsbö, vart det rekna som eit regulart for. Det hadde kanske i noken mun si årsak i at der vaks mykje

9002

rogn og osp. Desutan var lendet slik at denne skogen var lett å henta heim.

5. Til skav vart nytta berre rogn og osp; men mest rogn. Sjölv=sagt heldt ein skav av alm for å vera det beste, men almen var så skjeldan, at dei hadde ikke råd til å bruke almskav.

Skav av bartre vart aldri brúka her. Derimot hende det at dei köyrde furukvist heim til husa og let sau og geit gnaga borken av.

6. Nei.

7. Rogna gjöe,
ospa föe,
sölje svelta
og vie velta.

Har höst rimet av P. E. Walset – 70 år –

8. Rognskav kúnne nok alle dyra få når det var sers knipe om stråfor. Men först og fremst var skavet til mjökekyr og lamsauer. Kyrne bar helst i mars – mai, og i denne tida vart og skavet mest nytta. Skavet fekk dyra helst i trebytter, og mjökekyrne kúnne få noko mjöl, strödd på skavet.

9. Ja, ein meinte kyrne mjölka meir når dei fekk rikeleg med skav, og da vart smöret gult, sa dei. Dei meinte at ospeskav sette smak på mjölka, og enno meir heggen. Difor brúka dei den ikkje

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7
Fylke:

Tilleggsspørsmålnr.
Herad:

Emne: Skav
Bygdelag:

Oppskr. av: N. Vrium
Gard:

(adresse): Åmundeid
G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

9) Skav av osp bruka dei og til hestar når dei var plaga av innvalsorm. Dei turka og ospebork – som dei mol. Mjölet gav dei til hestane som sörpe på föret. Dette vart bruka som ein medesin om det trengdes.

10. Dei skav rogn og osp som vart heimköyrd med veden; men dei drog og eins erend til skogs „etter bjerg", som dei sa.

11. Ein drog „til skogs etter bjerg."

12. Tunnvoren kjepp kallast „skavkjepp". Ei vedskie som er avskava, kallast „ei skjevle".

13. Ukjent her.

14. Mars – mai. Var ikkje halde for noko serleg hardt og surt arbeid – slik i seg sjölv. Men det kom an på veret og föret.

Ein måtte vera tidleg oppe; men mat måtte ein ha för ein drog. Grunnen til at ein måtte tidleg ut var (i 4–5. tida) at ein ville nytta vårskaren. Det vart verre å koma fram

9002

med drage- eller lass når sola kom
og kremde snöen.
15. Småe kjeppar og vedskier skov
dei inne i stua eller i eit oppvarma
arbeidshus. Store ospestokkar skov dei
stundom (oftast) ute på gardsplassen
16. Dei bruka oftast tollekniv, men
og bandkniv og „skjövu"
Kniven skulle helst vera „tverslipa
slik at borken vart broten under
skjevinga. Den vart mjukare da.

Egg ←  -kniv-

Skjövu.



Å bruka ljå som skavereidskap
er ikkje kjend her.
17. Til å skava av hesjestaur,
kornstaur o. l. bruka dei helst
öks.

Ospa hogg dei fyrst kurken
(karken) av, med öks. Så la
dei stokken oppå to bukkar og
skov så med bandkniv. Andre
reidskaper og gogner er ikkje
kjend.

Skav.

18. Ikkje kjend.

19. Heldt skavkjeppen i vinstre handa, og kniven i högre og drog kjeppen fram og attende. Når dei brukte skjöva, heldt dei kjeppen roleg, og drog skjöve inn mot fanget. Dei tok da ~~tak da~~ tak i kjeppen – under – og lengst framme –.

20 / Sjå svar. 12.

21. Skav. – Skavflis (?)

22. Svar lenger framme.
Veden var gjerne noko lenger enn vanleg ved.

23. Éi skjevel (tjukk l)
Eint. bunde: skjevlo
Fleirt. ubunde: Skjevlo.
" bunde; Skjevlånno.
Den grove korka utanpå gamal osp kallast: kurk (stundom: kark)
Arbeidet med å skava den av kallast – å karka –.

24. Skavet skulle vera tunt og fint.
Litt av treet kunne fylgja med, men det var ikkje noko krav.
Stunnet skulle det dog ikkje skjevast.

25. Vart det skove meir enn det som gjekk med til brenneved – (og det kunne det bli) så vart den turka og bruka til bakstened.
På ein gård – Dalsbö – sa kårmannen – John – (1850 - 1912 -) at dei stundom skav 3 tynner pr. dag. Han sat da sjölv og skav heile dagen

Men om kveldane og i middagsdida var heile huslyden med. – Tenestgutar og tenestgjenter –. Dette gjorde dei fordi at rognskav var godt for, og ikkje for naudasi skuld. Men så hadde dei og opp til 130 l. mjølk om dag. Dei kappast med grannene om å ha mest, og da måtte skavet til –. Det var kraftforet, sa dei.

26.

No er det slutt med å nyllа skav som før. Her er vanlege arbeidsfolk utan ringaste spesialutdaning vane med å tene 50 - 60 - 70 kroner om dag på Aura-anlegget. Det ville svara sleg ille å leiga så dyr arbeidshjelp til å sitja å sjøva!

Slutt med skjevinga var det i åra kring 1915 - 1920.

9002